



Tor Edward Taranger kan no ønske velkomne til ei trådløst båthamn! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal Båtlag/Øyro Marina får stadig fleire gode kort på handa i konkurransen om kundane – med mellom andre Husnes Båthamn. Vertshuset er årets hittil beste kort – og måndag vart båthamna ”trådløst internett-sona”, som det heiter på fagspråket.. Det har Husnes-hamna allereie vore ei stund.

Tor Edward Taranger er den i båtlag-styret som har teke seg av dette prosjektet.

- Vi har fått montert den sterkaste sendar som står til disposisjon. Han verkar innafor en radius på 300 meter frå Sandakaien, fortel Taranger. Han har testa ut rekkjevidda og slår fast at pc-en hans fungerer fint på den ytterste bølgebrytaren.

Med andre ord dekkjer stasjonen truleg også Øyro Marina. Ein får inn signala også på mobiltelefon.

Dette er en gratis service for gjestene, som båtlaget betalar 300 kroner i månaden for til KB.

Også på andre frontar går opprustinga av Uskedal Båthamn vidare. Arbeidet med å få til ei betre og sikrere elforsyning er til dømes kome langt.

Men i motsetnad til Øyro (og Husnes) har dei ikkje no eit hamnevertskap som er til stades heile tida for å hjelpe dei besøkjande..

To SPAR-tilsette tek seg av penge-innkrevinga på kveldstid kombinert med vask av huset til båtlaget.

Av Ola Matti Mathisen